



Bøsseinnsamlarane klare til avmarsj frå AFA måndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den årlege bøsseinnsamlinga til demensaksjonen måndag gav ikkje ny rekord i Uskedalen, men bekrefta til fulle at uskedalingane er gavmilde

.Resultatet vart 18.622 kroner medan rekordresultatet frå i fjor var 20.272 kroner. 2008-summen er den nest høgste dei har hatt.

Helselag-leiar Selma Eik hadde 19 bøsseberarar til disposisjon denne gongen og dei gjorde som vanleg ein flott innsats på to timar. Uskedalen har tradisjon for å vera på topp av bygdene i Kvinnherad med omsyn til innsamla sum i denne aksjonen.

Så er då også dette eit svært viktig føremål. for nå er det 68.000 nordmenn som har demens. Pengane skal ikkje minst gå til forskning som igjen kan gjera livet lettare for mange.

Av Ola Matti Mathisen